

# LESEPLAN LANGELAND SKULE



LANGELAND SKULE  
STORD KOMMUNE

Foto: Steinar Hystad/Sunnhordland

## Overordna mål:

«Elevane på Langeland skule skal utvikla god lesedugleik»

«Leseferdigheter er evnene til å forstå, bruke og reflektere over og engasjere seg i skrevne tekster for å kunne nå sine mål, for å utvikle sine kunnskaper og evner, og for å delta i samfunnet»

(Utdanningsdirektoratet, 2013)

Leseopplæringa skal skje **i alle fag** og på alle steg.

Alle tilsette på Langeland skule har ansvar for leseopplæringa.

## Innhold

<i>Forord</i> .....	4
Lesing som grunnleggjande dugleik .....	5
Lesing i alle fag .....	5
Språk og omgrep.....	6
Begynnaropplæringa .....	6
Den andre leseopplæringa .....	7
Fleirspråklege elevar .....	10
Planlegging av ei læringsøkt .....	11
Skulebiblioteket .....	12
Lese- og skriveteknologi .....	13
Når lesing og skriving vert utfordrande.....	13
Tilpassa opplæring 1.-7. trinn.....	14
Tidleg innsats og intensiv opplæring, 1. – 4. trinn.....	14
Tidleg innsats 5. – 7. trinn .....	14
Vidare utgreiing.....	14
SFO som språkarena.....	15
Samarbeid heim/skule .....	15
Plan for 1. – 4. trinn LÆRA Å LESA .....	16
Trinn 1 .....	16
Trinn 2 .....	17
Trinn 3 .....	18
Trinn 4 .....	19
Plan for 5. – 7. trinn LESA FOR Å LÆRA.....	20
Trinn 5 .....	20
Trinn 6 .....	21

Trinn 7 .....	22
Kjelder .....	23
Lenkjer .....	24
Lydbøker og div. oppgåver for elevane (innlogging med FEIDE) .....	24
Diverse læringsressursar .....	24
Vedlegg .....	25
Vedlegg 1: Lesing i alle fag .....	25
Vedlegg 2: SALTO 1 – 3 .....	28
Vedlegg 3: SALTO 4 - 7 .....	29
Vedlegg 4: Rutineplakaten .....	30
Vedlegg 5: SOL- kartleggingspunkt .....	31
Vedlegg 6: Ti gode leserråd til foreldre .....	34
Vedlegg 7: Gode lesarar har gode lesestrategiar .....	36
Vedlegg 8: Gode og sjølvstendige lesarar vs svake og usjølvstendige lesarar .....	37
Vedlegg 9: Lese- og læringsstrategiar .....	38
Vedlegg 10: Langeland skule, ein dysleksivennleg skule .....	41

## Forord

Langeland skule har dei siste åra arbeidd med ein leseplan for skulen, og det har vore ein prosess fram mot denne planen som vil romma 1. – 7. trinn. Me ynskjer å ha fokus på korleis me kan motivera elevane slik at alle opplever meistring ved å lesa. Elevane vil ha ulik tilnærming og utvikling, men alle elevane treng kunnskap om korleis dei skal tileigna seg informasjon i livet sitt. Gjennom ulike typar tekstar hentar me fram kunnskap om verda omkring oss, men også opplevingar, informasjon mm.

Me ynskjer at planen skal vera eit arbeidsreiskap og informasjon om arbeidet me gjer for å auka elevane sin lesekompetanse. Difor vil planen vera eit levande dokument, der me gjer endringar når dette er naudsynt. Det er viktig at me har eit godt samarbeid med heimen, om me skal nå målet om at «Elevane på Langeland skule skal utvikla god lese-dugleik». FOU har ein sentral plass i arbeidet med planen. Det vert viktig at me kjenner til forventningane til kvarandre. Som supplement til denne planen vil me utarbeida ein faldar der gode lesaråd til foreldra vert presentert.

Stord kommune har utarbeida ein språkplan for grunnskulane i Stord, der lesing står sentralt.<sup>1</sup> Leseplanen for Langeland skule vil vera ei vidareføring av denne.

Lesing er ein av fem grunnleggjande dugleikar i læreplanverket, og har sin plass i alle fag på alle trinn.

Langeland skule, 20.01.2022

---

<sup>1</sup> <https://www.stord.kommune.no/trygge-spraakbrukarar.481274.nn.html>

## Lesing som grunnleggjande dugleik <sup>2</sup>

Læreplanverket har nokre prinsipp som ligg til grunn for læring, utvikling og danning. Eit av desse prinsippa er lesing. Utdanningsdirektoratet skildrar kva det vil seia å kunna lesa, og korleis ein kan utvikla dugleiken. "Lesekompetanse er ein person si evne til å forstå, bruka, reflektera over og engasjera seg i skrivne tekstar, for å nå sine mål, for å utvikla sin kunnskap og sitt potensial og for å delta i samfunnet". (OECDs definisjon av lesing).

Det å lesa inneber altså kognitive så vel som kjenslemessige operasjonar. Å lesa handlar om det tankemessige som **å tolka** og **forstå, finna** og **reflektera**, og om **motivasjon** og **haldningar** til lesing. Leseutvikling krev gode strategiar for å kunna søkja og bearbeida informasjon. Bevisst bruk av hensiktsmessige lesestrategiar som er tilpassa formålet med lesinga og med ulike teksttypar i faga, er difor avgjerande for å utvikla funksjonell leseugleik. **Kva** skal du lesa? **Kvifor** skal du lesa? **Korleis** skal du lesa? («Skrivetrekanter»<sup>3</sup>). Astrid Roe (2008) viser til at gode lesarar har og kan nytta gode strategiar (vedlegg 7).

Leseplanen har som mål å ivareta eleven si utvikling som heilskapleg lesar, noko som er viktig for eleven gjennom eit langt liv.

## Lesing i alle fag

Læreplanverket definerer lesing som ein av dei fem grunnleggjande dugleikane<sup>4</sup>. Det betyr at lesing er ein del av den faglege kompetansen og ein nødvendig reiskap for læring og fagleg forståing. Dugleiken er også viktig for utviklinga av elevane sin identitet og sosiale relasjonar, og for å kunna delta i utdanning, arbeid og samfunnsliv. I undervisninga må dei grunnleggjande dugleikane sjåast både i samheng med kvarandre og på tvers av fag. Dei høyrer heime i alle fag, men einskilde fag vil ha et større ansvar enn andre for dei ulike dugleikane. Lærarar i alle fag skal støtta elevane i arbeidet med grunnleggjande dugleikar. Sidan denne planen har fokus på lesing, må det her understrekast at alle lærarar har ansvar for elevane si leseutvikling i alle fag og på tvers av fag.

Lesing på faga sine premiss (vedlegg 1)

<sup>2</sup> <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeverk/rammeverk-for-grunnleggende-ferdigheter/2.3-a-kunne-lese/>


<sup>3</sup> <https://skrivesenteret.no/ressurs/skrivetrekanter/>

<sup>4</sup> <https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/prinsipper-for-laring-utvikling-og-danning/grunnleggende-ferdigheter/?lang=nob>

## Språk og omgrep

For å meistra eit språk, treng me eit rikt ordforråd. Dette verkar inn på leseforståinga, og er sentralt i alle fag.

Språket vårt er sett saman av ulike komponentar. Bloom og Laheys språkmodell (1978)<sup>5</sup> illustrerer korleis desse påverkar kvarandre på ein meningsfull måte.



**Innhald:** Språket si semantiske side, det som gir ordet ei mening og innhald.

**Form:** Språket sin struktur, språklydar, språklydar sett saman til ord, grammatikk, setningsoppbygging.

**Bruk:** Korleis ein klarar å bruke språket si innhalds- og formside i lag med andre.

Delen der sirklane møtast, viser til eit godt integrert språk.

Elevane treng mange erfaringar og tilnærmingar for å utvikla språket og omgrepa. Korleis dette vert gjort viser igjen i planane for dei ulike trinna (s. 16 - 22).

## Begynnaropplæringa

Omgrepet begynnaropplæring vert ofte nytta om opplæringa dei første åra på skulen. Omgrepet kan definerast i ei smal og ei vid forståing<sup>6</sup>. Den smale forståinga er knytt til eit eller fleire fag, kompetansemål og i stor grad den første lese- og skriveopplæringa. Den vide forståinga vert nytta som ei forståing av den kunnskapen og erfaringane elevane treng for å vera ein del av skulekulturen, utover det fagspesifikke. Leseplanen vil ta for seg den smale forståinga, der lesing og skriving er sentralt. Samstundes har me fokus både på vid og smal forståing i opplæringa dei første åra.

<sup>5</sup> Sæverud, O. Forseth, B.U., Ottem, E. & Platou, F. (2013), s. 11

<sup>6</sup> Hoff-Jensen, R., Bjerke, M.O. & Afdal, H.W (2020)

*Språkplanen for grunnskulane i Stord*<sup>7</sup> viser til følgjande felles tilnærmingar til begynnaropplæringa: språkleikar, skriving frå første dag, rask bokstavprogresjon, balansert leseundervisning, rettleia lesing, rettleia skriving, lesestimulering, litteraturformidling, høgtlesing, omgrep og litterære samtalar (s. 19).

Skriving og lesing er to sentrale sider i begynnaropplæringa, og mange elevar lærer å lesa ved å skriva (STL (skriva seg til lesing)). Ved å nytta ulike digitale verkty og programvare, vil lyd støtte i denne prosessen vera med å gi elevane fleire repetisjonar. Ein skriv seg til lesing med lyd støtte (STL+).

Planane for dei ulike trinna viser kva og korleis begynnaropplæringa er lagt opp på skulen vår, med ulike tilnærmingar knytt til alle fag.

#### *Leseutvikling, metode og språklege dugleiker*

- Språkstimulering kvar dag
- Systematisk opplæring i lydar/bokstavar (store/små bokstavar, to kvar veke)
- Spontan skriving/skriva seg til lesing
- Rettleia lesing som metode, som del av stasjonsarbeid
- Øva på høgfrequente ord

#### *Lesestrategiar, læringsstrategiar:*

- Kva gjer me før, under og etter lesing
- Rettleia lesing som strategi, der SALTO 1-3 er sentral (vedlegg 2)

#### *Leselyst, motivasjon for læring*

- Stillelesing, lesekvart, høgtlesing

#### *Kartlegging*

Sjå plan for trinna s. 16 - 19. Andre kjelder: Språkplanen for grunnskulane i Stord og Språkløyper<sup>8</sup>.

### Den andre leseopplæringa

Det er to viktige prinsipp i den vidare leseopplæringa: Me må bruka førlesingsfasen til å førebu elevane på teksten dei skal lesa, og me må stoppa opp i lesinga for at elevane skal få høve til å tenkja over kva teksten dei les har å seia for

<sup>7</sup> <https://www.stord.kommune.no/trygge-spraakbrukarar.481274.nn.html>


<sup>8</sup> <https://sprakloyper.uis.no/barnetrinn/begynneropplaering>

deira eigen kvardag. I praksis tyder dette at me må leggja til rette slik at elevane forstår det dei les, og at dei kan få eit eigarforhold til tekstane.

Den andre leseopplæringa tar for alvor til når lesing i langt større grad blir eit reiskap for læring. God leseforståing er avgjerande for at me skal kunne lære av å lesa.

Grunnlaget for å kunna utvikla god leseforståing er at lesaren har gode avkodingsdugleikar. Sjølv om arbeidet med avkoding er noko ein brukar mest tid på i småskulen, må ein også på mellomtrinnet trenna på automatisering av avkodinga. I tillegg er det viktig at elevane utviklar god leseflyt. Det gjer dei først og fremst gjennom å lesa mykje. Repetert lesing har vist seg å vera effektiv med tanke på betre leseflyt. Ein meningsfull måte å gjera dette på er mellom anna å prøva å læra seg eit dikt, ei gåte eller roller i ein sketsj eller framføring.

Å lesa for å forstå inneber at elevane skal kunna reflektera over og bruka det dei har lært. Dei skal også leita fram og henta ut ei mening som ligg i teksten. Leseforståing verkar i eit samspel som vist i modellen under:



Modellen er henta frå Norsk boka 2 – (Ulland, Palm & Andreassen (2014, s. 114))

I det praktiske arbeidet når elevane skal jobba med tekstar vert det ofte at me ber elevane svara på ulike spørsmål for å fanga opp om dei har ei forståing for det dei les. Me som lærarar må tenkja over kva som er føremålet med spørsmåla. Her er det tre aspekt eller spørsmålskategoriar som kan vera lure å ta med inn i undervisninga:

- Henta fram faktaopplysningar frå teksten – finna spørsmål
- Tolka teksten – tolka spørsmål. Når ein må tolka ein tekst for å finna svar, må ein både kopla saman informasjon frå ulike stadar i teksten, og knyta det ein les til eigne erfaringar og kunnskap. Her har førkunnskapen til elevane mykje å seia
- Reflektera og vurdera teksten – Reflektera og vurdera spørsmål. Her må dei mellom anna bruka erfaringar og kjennskap dei har til andre tekstar.

Når elevane arbeider med tekstlesing og spørsmål til teksten, må dei få trening i desse ulike spørsmålstypene, og dei må læra at dei ulike spørsmåla krev ulike lesemetodar.

(Ulland, G., Palm, K. og Andreassen, R., 2014, s. 113 – 134)

Astrid Roe (2008) viser til kva som kjenneteiknar både gode og sjølvstendige lesarar, og svake og usjølvstendige lesarar (vedlegg 8). Me må vera medvitne desse kjenneteikna i arbeidet, for å utvikla gode lesarar.

Viser elles til SALTO 4-7 (vedlegg 3) og trinnplanar for 4.-7. trinnet (s. 20 - 22)

## Fleirspråklege elevar

Leseopplæringa for dei fleirspråklege elevane ved skulen har eit anna utgangspunkt for å læra å lesa, enn opplæringa for dei etnisk norske. Dei kan ha eit språk med andre bokstavar og lydar, manglar gjerne ein del omgrep og kunnskap om det norske språket, og mange brukar morsmålet sitt heime. Lesinga vert såleis viktig som verkty for å læra seg norske omgrep og norsk språk, i tillegg til lesetekniske dugleikar. Grundig kartlegging av eleven sine språkdugleikar på norsk, er avgjerande for at særskilt norskopplæring (SNO) og grunnleggjande norsk for språklege minoritetar, kan bli tilpassa kvar enkelt elev (Språkplanen, s. 27, Stord kommune<sup>9</sup>).

Alle fleirspråklege elevar skal ha tilpassa leselekser kvar dag, og treng støtte frå føresette. Sidan leseforståinga er ekstra utfordrande for desse elevane, nyttar me ulike strategiar for å sjekka at dei forstår teksten betre. Me brukar tid i gjennomgangen av leseleksa, me lagar tekstar frå turar eller andre konkrete ting som elevane kjenner til eller har vore med på. Elevane får spørsmål til leseleksa (munnleg og skriftleg), slik at me veit om dei forstår det dei har lese.

Elevane har tilbod om leksehjelp privat eller frå Røde Kors.

Andre viktige moment i leseopplæringa for dei fleirspråklege ved skulen er:

- Nye ord på lekseplanen. Henta frå leseleksa eller 100-ordslita.
- Skriva nye ord i glosebok på norsk og på sitt morsmål. Kan evt teikna og.
- Måltestar kvar veke for å sjekka at elevane jobbar med lekse.
- Faste tider på biblioteket.
- Stillelesing.
- Forlag. Elevane skriv faktabøker frå eit tema me jobbar med eller evt. diktar ei bok sjølv (eventyr).
- Lesemeister. Veldig nyttig for dei fleirspråklege då dei får lest opp teksten som dei les.
- Samarbeid med biblioteket på Leirvik gjennom prosjektet «Rom for møte»
- Involvering av foreldre og å bevisstgjera dei kor viktig det er å følgja opp lekser heime.
- I SNO-undervisninga prioriterer me munnlege aktivitetar, og å gå gjennom og forklara vanskelege omgrep som dei møter i lesetekstane (i norsk, KRLE, naturfag og samfunnsfag).

<sup>9</sup> <https://www.stord.kommune.no/trygge-spraakbrukarar.481274.nn.html>

## Planlegging av ei læringsøkt

Lærarane på Langeland skule gjer bevisste og varierte val av undervisningsmetodar for å oppnå best mogleg tilpassa opplæring og størst mogleg læringseffekt i leseopplæringa hos alle elevane. For å skapa gode lesarar er det noko som er felles på alle trinn. Me deler lesing inn i: Førlesingsfasen, undervegsfasen og etterlesingsfasen.

### Førlesingsfasen:

- Elevane blir sett inn i føremålet og hensikta med leseøkta, dei målrettar lesinga si, og vel lese måte i høve til ny informasjon.
- Læraren og elevane skapar motivasjon for teksten gjennom t.d. film, musikk, demonstrasjon, kart og modellar.
- Bakgrunnskunnskapen blir aktivert, og me set saman gammal kunnskap med ny.
- Me snakkar om viktige ord og omgrep, og brukar læringsstrategiar som tenkeskriving, tankekart, VØL og SALTO for å arbeida oss inn i teksten og for å forstå teksten si oppbygging.

### Undervegsfasen:

- Lesestopp ved ord for å samtala rundt omgrep, for å stilla opne spørsmål der teksten kan ta fleire vegar, eller der det er behov for visualisering.
- Me stiller spørsmål (Foss), og nyttar strategiar for leseforståing.

- Strategiar for å forstå ord kan vera flytskjema, omgrepskart, forventningar, form og forklaringar til ord.
- Kjenna igjen typiske trekk ved tekstar i ulike fag.
- Andre strategiar i undervegsfasen kan vera to-kolonne, finna samanhengar i teksten, skilja viktig informasjon og sortera informasjon.

### Etterlesingsfasen:

- Laga spørsmål til teksten (Foss)
- Vera detektivar i teksten der oppdraget er å finna ulike ord, forklaringar og setningar.
- Løysa opne oppgåver knytt til den leste teksten (finna, tolka, reflektera og vurdera).
- VØL-skjema
- Omforma kunnskap ved å laga samandrag, gjenfortelja, dramatisera, synga, dikt, novelle.
- Laga rapport og oppskrift.
- Metakognitiv samtale. Korleis lærer eleven best?

Kjelder: Leseplan for Hundvåg skole<sup>10</sup>    Lesestrategihefte, Skien kommune<sup>11</sup>

<sup>10</sup> <https://docplayer.me/30342930-Leseplan-for-hundvag-skole.html>

<sup>11</sup> <https://www.skien.kommune.no/globalassets/oppvekst/oppvekst-administrasjon/skoleringsdager/lese--og-laringsstrategiheftet.pdf>

Til kvar av dei tre fasane kan ein nytta ulike læringsstrategiar, fleire enn dei som er nemnt over (Sjå vedlegg 8). For å få læra dei ulike læringsstrategiane, er det svært viktig at læraren **modellerer** mykje og **repeterer** ofte mangfaldet av strategiar gjennom enkle døme. Gode lesarar har eit bevisst tilhøve til læringsstrategiane dei har lært, og målet er at dei undervegs vil oppdaga kva for læringsstrategiar som er best for dei, og som elevane kan bruka sjølvstendig.

## Skulebiblioteket

Skulebiblioteket på Langeland skal vera ein god stad å vera der elevane trivest, blir møtt og kjenner seg velkomne. Skulebiblioteket skal leggja til rette for gode leseopplevingar og stimulera til frivillig lesing.

Eit godt skulebibliotek fremjar leseglede og trivsel. Det er ein lærings- og dannelsesarena, og ein reiskap for læraren. Med aktiv bruk av biblioteket kan me få elevane til å lese meir, øve dei opp i kritisk tenking og få dei til å bruka ulike informasjonskjelder i skularbeidet. Elevar som har tilgang til mange ulike tekstar kan bli betre lesarar. Me veit òg at dei blir betre lesarar av å lesa i fritida.

Bøker er viktig. Bøker er ikkje berre viktig for å bli ein god lesar. Gjennom bøker kan ein læra om seg sjølv, få innsyn i andre sine kjensler og tenkjemåtar og læra om korleis ein møter verda og nye utfordringar.

Skulebibliotekar skal rettleia både individuelt og i grupper gjennom å leggja til rette for både uformell og formell bokprat (t.d. lesestunder, bokpresentasjonar og forteljarstunder), slik at elevane får hjelp til å finna den rette boka. Skulebibliotekar skal også vera med på å leggja til rette for at elevane kan presentera bøker og inspirera kvarandre.

Det skal vera lov å leggja vekk ei bok ein ikkje likar. Biblioteket må difor ha bøker som dekkjer mange ulike interesser og lesedugleikar.

Det er eit mål at skulebiblioteket skal vera ein integrert del av den pedagogiske verksemda, ei utviding av klasserommet. Alle elevar på skulen skal vera innom biblioteket kvar veke.

Me ynskjer at alle elevar og tilsette på Langeland skule skal ha eit eigarforhold til biblioteket på skulen vår.

## Lese- og skriveteknologi <sup>12</sup>

På skulen vår har alle elevar eigen PC. Dei minste har desse stasjonert på skulen, medan resten har dei også med heim. 1. og 2. trinn har også tilgang til nokre iPad som vert brukt i stasjonsarbeid med appar som *Graphogame*, *Skoleskrift 3* og *På sporet*.

Skulen nyttar *Skooler* som læringsplattform. Der har elevane tilgang til Office 365, planar for veka, lærebøker i Skolestudio, Teams m.m.

I *Skolestudio*<sup>13</sup> har elevane tilgang til lærebøkene som vert nytta på skulen digitalt. Desse bøkene har lyd støtte.

Skulen har også tilgang til *Dragonbox*, *Campus*, *AskiRaski* og *Relemo*.

Elevar med dysleksi nyttar *Textpilot 3 Pluss* som lese- og skrivestøtte.

## Når lesing og skriving vert utfordrande<sup>14</sup>

Dei aller fleste elevane lærer seg å lesa og skriva utan særskilte utfordringar, men for nokre er det vanskeleg. Det er særst viktig å koma tidleg i gong med tiltak, der me ser at elevar strevar. Målet vårt er å avdekka desse vanskane så raskt som mogleg, og setja inn rette tiltak i rett tid. Langeland skule ventar ikkje og ser om ting går over, men har eit system og plan for kva som skal til. Samstundes vil me heile tida utvikla oss og bli betre. Skulen sin Rutineplakat (vedlegg 4).

Skulen er sertifisert som Dysleksivenleg skule (vedlegg 10).

Det å vera ein Dysleksivenleg skule inneber å finna elevar med dysleksi tidleg, og å følgja desse opp med god tilrettelegging digitalt, og med god, variert, dysleksivenleg undervisning. Vidare inneber det god kompetanse hos lærarar om dysleksi og tilrettelegging. Eit inkluderande skulemiljø der det er rom for å vera ulike.

---

<sup>12</sup> <https://sprakloyper.uis.no/ungdomstrinn/vansker-med-sprak-lesing-og-skriving/lese-og-skriveteknologi>

<sup>13</sup> <https://www.skolestudio.no/aktuelt/om-skolestudio>

<sup>14</sup> <https://sprakloyper.uis.no/barnetrinn/vansker-med-sprak-lesing-og-skriving/>

#### Tilpassa opplæring 1.-7. trinn

I Opplæringslova § 1-3 står det at alle elevar har rett til *tilpassa opplæring*. I overordna del av læreplanen, prinsippa for skulen sin praksis, vert dette utgreia nærmare. Det er fokus på m.a. klasseleiing, inkludering, realistiske forventningar til elevane, ulike arbeidsformer og tilnærmingar til det elevane skal læra. Tilpassa opplæring gjeld alle elevane, og skal i størst mogleg grad skje innafor fellesskapet. Dette er prinsipp og mål me jobbar etter.

#### Tidleg innsats og intensiv opplæring, 1. – 4. trinn

I Opplæringslova § 1-4 finn me lovfesta *Tidleg innsats 1. – 4. trinn*. Utdanningsdirektoratet har gitt nokre føringar i forhold til dette<sup>15</sup>. På Langeland skule har me organisert det slik:

- Lærarressurs til tidleg innsats i matematikk og norsk på alle trinn, 1. – 4.
- 1. trinn nyttar ressursen til å styrka og kartlegga elevane i begynnaropplæringa. Etter kvart vert tiltak sett inn der ein ser trong for dette, som ein del av trinnet si undervisning i grupper eller heil klasse, eventuelt korte individuelle økter.
- I 2.- 4. trinn vert tiltaka meir spissa. Det vert utarbeida ein tiltaksplan med tydelege mål, tidsplan og evaluering av arbeidet. Gjennomføringa vert gjort i klasse, gruppe eller individuelt. Tiltaka vert drøfta mellom lærarane på teamet, med leiinga og lærarar med kompetanse på feltet, og med foreldre/føresette.

#### Tidleg innsats 5. – 7. trinn

Nokre gonger har eleven kompensert for sine utfordringar, og utfordringane kjem ikkje tydeleg fram før eleven er på mellomtrinnet. Tidleg innsats inneber å avdekka og setja inn tiltak med ein gong vanskane vert oppdaga, uavhengig av årstrinn. Dette er noko me stadig har fokus på.

#### Vidare utgreiing

Om dei tiltaka som har vore prøvd ikkje har hatt ønska effekt, kan kontaktlærer i samarbeid med foreldre/føresette melda inn bekymring til skulen sitt ressursteam (jfr. Rutineplakaten, vedlegg 4). Her vil ein saman med lærar drøfta vidare tiltak, etter samtykke frå foreldre/føresette. Det kan vera kartlegging av språk og lesedugleikar, Logos med tanke på dysleksi, og vidare oppfølging knytt til dette. Skulen har fasttid med PPT der ein kan drøfta vidare tiltak, og ved trong for det melda inn utfordringane for vidare utgreiing.

---

<sup>15</sup> <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/tilpasset-opplaring/intensiv-opplaring/>

## SFO som språkarena

I Rammeplan for SFO står det at SFO skal leggja til rette for og støtta opp om at barna sin leik skal stimulera til språkutvikling. På SFO har elevane god tilgang til både skrivesaker og bøker som dei kan ta med i leiken sin, og frå 1. trinn byrjar elevane å få trening i å kjenna att namna sine på magnetar. Gjennom høgtlesing får elevane også øving i å lytta og samtala om bilete og tekst og læra ulike omgrep. På SFO ynskjer me å leggja til rette for at elevane skal verta nyfikne på bøker, og at elevane skal oppleva leseglede slik at dei ynskjer å lesa på eiga hand.

## Samarbeid heim/skule

«Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring». Opplæringslova, § 1.1<sup>16</sup> Det er difor viktig at heim og skule samarbeider, også i høve til leseplanen.

På foreldremøta og i samtale med elevane og føresette, vert det viktig at lesing og leseutvikling har ein sentral plass. Dette må repeterast på fleire trinn, og det kan vera trong for konkrete råd og tips for korleis det er nyttig å jobba med både språk, omgrep og lesing heime. Val av bøker og tekst som eleven er interessert i og som treff rett nivå, vil vera med å auka motivasjon og interesse for lesing.

Når skulen eller foreldre opplever at eleven strevar med lesing, må dette samarbeidet følgjast tettare opp. Det kan då vera aktuelt med større tilpassing, rettleiing eller vidare kartlegging og utgreiing (sjå: «Når lesing og skriving vert utfordrande»). Sjå også Ti leserråd til foreldre frå Lesesenteret (vedlegg 6) og andre lesetips<sup>17</sup>

---

<sup>16</sup> <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61> henta 03.12.21

<sup>17</sup> <https://www.uis.no/nb/lesesenterets-lesetips>

## Plan for 1. – 4. trinn LÆRE Å LESE

### Trinn 1

<p><b>Leseutvikling, metode og språklege dugleikar</b></p>	<p><b>Språkstimulering kvar dag:</b> Rim, regler, stavingar, song. Samtale, diskutera, undra, dela opplevingar, tankar og meiningar. Utvikle omgrepsforståing og ordforråd i alle fag.</p> <p><b>Systematisk opplæring i lydar/bokstavar:</b> To bokstavar i veka (store/små). Lydering, kor i ordet er lyden? Variert innlæring med bokstavløype (forma bokstav), Språkløype (bruka bokstav i lesing og skriving), syntetisk/analytisk tilnærming</p> <p><b>Spontan skriving/skriva seg til lesing:</b> Gjennom bokmelding, flaskepost, turboka, dagens stjerne, «Eg ser» – setningar, tankekart, gode skriveoppgåver i tema og prosjektarbeid. Utvikla funksjonell handskrift</p> <p><b>Rettleia lesing som metode:</b> Stasjonsarbeid, nivåinndelte småbøker, fellesbok, fokus på omgrep- og leseforståing, TPO, motivasjon</p> <p><b>Øva på høgfrekvente ord:</b> Flaskepostboka (heimebok med varierte skriveoppgåver), diktat, felle, Villkatten med Bokstavar/ord, huskesnu</p>
<p><b>Lesestrategiar , læringsstrategiar Kva gjer me før, under og etter lesing</b></p>	<p><b>Rettleia lesing som strategi:</b> <b>SALTO 1-3</b> (sjå vedlegg) Elevane skal læra å bruka læringsstrategiane (sjå vedlegg): Tankekart, VØL, Ord- og omgrepskart og Påstand – bevis (metode, ligg som vedlegg i leseplanen) Tekstanalyse/ordanalyse og metakognitive samtalar: Kva lærte du? Korleis lærte du?</p>
<p><b>Leselyst og motivasjon for læring</b></p>	<p><b>Stillelesing/ lesekvart</b> <b>Høgtlesing:</b> Fokusera på å stimulera elevane si leselyst gjennom å: Hjelpa elevar til å finna eigna bøker/tekstar, og høgtlesing (Lærer les høgt for elevane. Elevane les for lærevenen sin), låna bøker på biblioteket, lesestund med bibliotekansvarleg, lesestund med folkebiblioteket og/eller forfattarbesøk, leseprosjekt med skjønnlitterære bøker og fagbøker - haust og vår, miljø som innbyr til lesing, bøker i klasserom, digitale bøker i t.d. Salaby, Salto, og Lesemester</p>
<p><b>Kartlegging</b></p>	<p>SOL (spes. pkt: 1.4, 3.1, 3.3, 3.4), Bokstavprøva frå Lesesenteret (haust, januar), Kartleggingsprøvar frå Udir i lesing og rekning (vår). Andre kartleggingar som kan nyttast: Salto, Aski Raski, Diktat, KTI (Kontrollert-Teikne-Iakttagelse), Observasjon skriveutvikling. <b>Registrering i Vokal haust og vår.</b></p>

## Trinn 2

<p><b>Leseutvikling, metode og språklege dugleikar</b></p>	<p><b>Språkstimulering kvar dag:</b> Rim, regler, stavingar og song. Dagsplan (dag, dato og oversikt over dagen). Samtala, diskutera, undra, dela opplevingar, tankar og meiningar. Utvikla omgrepsforståing og ordforråd i alle fag.</p> <p><b>Spontan skriving/skriva seg til lesing:</b> Gjennom bokmelding, turboka, «Eg ser» – setningar, tankekart, gode skriveoppgåver i tema og prosjektarbeid. Forskingsrapport om blant anna utviklinga til frø, forlag, brev, ønskelister, utvikla funksjonell handskrift.</p> <p><b>Rettleia skriving:</b> Diverse leseforståingsoppgåver frå ulike læreverv. Salto sine kartleggingsprøvar.</p> <p><b>Rettleia lesing som metode:</b> Stasjonsarbeid, nivåinndelte småbøker, fellesbok, fokus på omgrep- og leseforståing, TPO, motivasjon.</p> <p><b>Øva på høgfrequente ord:</b> Diktat, Villkatten med ord, Huskesnu, GraphoGame, finskrift med 100-ordslister med påfølgjande diktat rett etterpå, der dei rettar sjølv, AskiRaski.</p> <p>Bruk deler av undervisningsopplegget til På Sporet-manualen, til dømes høgtlesingsbøker med mange nye omgrep. Felles bokmeldingar med gode modelleringstekstar, På sporet-app, GraphoGame. Salaby på nett. Repetisjon av td pbd : Lesekorpset, Øysteins tegneblyant, Bokstavkongen-TubaLuba.</p>
<p><b>Lesestrategiar og lærings-strategiar (Kva gjer me før, under og etter lesing)</b></p>	<p><b>Rettleia lesing som strategi:</b> <b>SALTO 1-3</b> (sjå vedlegg) Elevane skal læra å bruka læringsstrategiane (sjå vedlegg): Tankekart, VØL, Ord- og omgrepkart, Tekstanalyse/ordanalyse og metakognitive samtalar: Kva lærte du? Korleis lærte du?</p>
<p><b>Leselyst og motivasjon for læring</b></p>	<p><b>Stillelesing/lesekvart , høgtlesing:</b> Hjelpe elevar til å finna eigna bøker/tekstar, og høgtlesing (Lærer les høgt for elevane. Elevane les høgt for kvarandre). Bibliotekbesøk, lånekort , besøk av bibliotekarar og lån av bokkasse. Mange bøker på utstilling i klasserommet. Bruk av skulebiblioteket regelmessig. Delta på leselystaksjonar, lesebingo, Sommarles, Norli sin leselystaksjon. Leseark i tre ulike nivå frå Salto. Lesemappe, avkrysning med underskrift, skriftleg dialog med foreldra. T.d i tema om steinalderen kan ein bruka ulike naturfagbøker som leselekse, og som inspirasjon til temahefte.</p>
<p><b>Kartlegging</b></p>	<p>SOL (spes.pkt.: 3.5, 4.1, 4.2, 4.5), Kartleggingsprøvar frå Udir i lesing og rekning (vår). Andre kartleggingar som kan nyttast: Salto, Observasjon av skriveutvikling, Bokstavprøven for dei svakaste, Ordkjedetesten i A3. <b>Registrering i Vokal haust/vår.</b></p>

### Trinn 3

<p><b>Leseutvikling, metode og språklege dugleikar</b></p>	<p><b>Språkstimulering kvar dag:</b> Song, samtale, diskutera, undra. Dela opplevingar, tankar og meiningar. Utvikla omgrepsforståing og ordforråd i alle fag.</p> <p><b>Fonologisk bevisstheit/ordavkodning:</b> Kan fonembytte, t.d. høyra kva for eit ord det blir dersom ein byter ut i med o i sil (sil blir til sol). Meistrar grafem som ng, nk, kj-lyden, sj-lyden, j-lyden, samt stum d. Kan lesa kompliserte konsonantsamanbindingar som sprik, sprake, struts. Kan lesa ord med fire og fem stavingar, t.d. kro-ko-dil-le, bi-bli-o-tek, ev-en-tyr-bok. Kan lesa nonord. Har jobba mykje med dei 200 vanlegaste orda? Tileigna seg kunnskap om enkel og dobbel-konsonant.</p> <p><b>Leseforståing:</b> Kan lesa og forstå lengre setningar. Kan spørja kva nye ord betyr. Kan lesa enkle fagtekstar og forteljande tekstar med ulik struktur. Kan samtala og stilla spørsmål om det som er lese.</p> <p><b>Leseflyt:</b> Kan lesa og forstå enkle setningar med flyt og forståing. Kan lesa enkle konsonantsamanbindingar med flyt (hoppa, flyttar). Kan dela opp ordkjede med opp til 4 enkeltord.</p> <p><b>Rettleia lesing som metode:</b> Lærarstyrt stasjon med nivåinndelte småbøker, med tilhøyrande oppgåver og samtale. <b>Høgfrequente ord:</b> Øveord frå 220-ordlista, diktat, Huskesnu, Løko. Skriva øveorda på skooler. <b>Samansette grafem:</b> Skj, sj, kj, ng, hj og diftongar</p> <p><b>Repetert lesing:</b> Relemo, touchmetoden, rettskriving og grammatikk, Aski Raski.</p>
<p><b>Lesestrategiar og læringsstrategiar (Kva gjer me før, under og etter lesing)</b></p>	<p><b>Rettleia lesing som strategi:</b> <b>SALTO 1-3</b> (sjå vedlegg). Lærar modellerer for elevane ved å tenka høgt korleis ein brukar strategiar. Stillelesing/lesekvart, høgtlesing, korlesing, parlesing, ikkje-lineær lesing. Bruk Salto sin lesestrategi konsekvent i arbeid med ulike tekstar og ulike tema/fag: Superblikk, alt eg veit, lesemåte, tenkestopp, oppsummering (sjå vedlegg). Læringsstrategiar (sjå vedlegg): utvida tankekart, ordbank/omgrepskart, og metakognitive samtalar: Kva lærte du? Korleis lærte du? Venndiagram, VØL-skjema, læringsven.</p>
<p><b>Leselyst og motivasjon for læring</b></p>	<p>Fokusera på å stimulera elevane si leselyst gjennom å hjelpa elevane til å finna eigna bøker/tekstar som fengjer, høgtlesing (Lærar les høgt for elevane. Elevane les høgt for kvarandre), låne bøker på biblioteket, lesestund med bibliotekansvarleg, ha bøker i klasserommet som jamleg vert bytt ut, miljø som innbyr til lesing, lesestund med folkebiblioteket og/eller forfattarbesøk. Leseopplæring med skjønnlitterære bøker og fagbøker, haust og vår. Skapa leselyst gjennom variasjon i arbeidsmåtar, for best mogleg å treffa dei ulike elevane, leseopplæring tilpassa kvar enkelt elev for å skapa meistring som gir vidare motivasjon. (Norli lesekonkurrans, Lesemeister, lesebingo, bokmeldingar, forlag, Skooler).</p>
<p><b>Kartlegging</b></p>	<p>SOL (spes. pkt.: 4.3, 4.4, , 4.6), Ordkjedetest haust og vår, kartleggingsprøvene frå Udir i lesing, rekning, engelsk (vår). Andre kartleggingar som kan nyttast: Aski Raski, Salto, Relemo</p> <p><b>Registrering i Vokal haust/vår.</b></p>

## Trinn 4

<p><b>Leseutvikling, metode og språklege dugleikar</b></p>	<p><b>Språkstimulering kvar dag:</b> Rim, regler, stavingar, song, lytta, høgtlesing, samtala, diskutera, undra, dela opplevingar, tankar og meiningar, utvikla omgrepsforståing og ordforråd i alle fag.</p> <p><b>Fonologisk bevisstheit/ordavkodning:</b> Kan lesa ukjente ord som ikkje er lydrette. Kan lesa dei fleste vanlege ord raskt, direkte og utan lydering.</p> <p><b>Leseforståing:</b> Kan lesa og følgja enkle instruksjonar. Oppfattar den raude tråden i ei historie. Trenar på/prøver å forstå innhaldet i ulike tekstar eller oppgåver før ho/han spør om hjelp. Kan trekka informasjon ut frå ulike tekstar (t.d. fagtekstar, bilete, tabellar, skjønnlitterære tekstar).</p> <p><b>Leseflyt:</b> Klarer "å lesa i slange" utan å mista kvar ho/han er (Elevane i klassen les ein setning kvar av ein tekst). Korrigerer dei fleste feillesingar spontant. Les aldersadekvat litteratur. Klarar å lesa teksting på TV som dei forstår. Kan lesa med innleving etter å ha lese teksten 3-4 gonger. Korlesing: Klarar å lesa i same tempo som resten av gruppa.</p> <p><b>Rettleia lesing som metode</b></p> <p><b>Høgfrequente ord:</b> Øveord frå 220 ordlista, diktat, øveord som lekse med setning til kvart øveord.</p> <p><b>Samansette grafem:</b> Skj, sj, kj, ng, hj og diftongar. <b>Repetert lesing</b> Relemo, touch, rettskriving, repetert leselekse, Aski Raski, og grammatikk.</p>
<p><b>Lesestrategiar og læringsstrategiar (Kva gjer me før, under og etter lesing)</b></p>	<p>Stillelesing/lesekvart, høgtlesing, korlesing, parlesing, 3 stk saman: Ein les høgt, ein gjenfortel og den tredje finn det som manglar (ein strategi, har eit namn).</p> <p><b>Rettleia lesing som strategi:</b> <b>SALTO 4-7</b> (Sjå vedlegg) Læringsstrategiar (sjå vedlegg): utvida tankekart, boksskjema, ordbank/omgrepskart og metakognitive samtalar: Kva lærte du? Korleis lærte du?, venndiagram, VØL, To-kolonnenotat, omgrepstrening, bruk av post it-lappar.</p>
<p><b>Leselyst og motivasjon for læring</b></p>	<p>Fokusera på å stimulera elevane si leselyst gjennom å hjelpa elevar til å finna eigna bøker/tekstar og høgtlesing (Lærer les høgt for elevane. Elevane les høgt for kvarandre), låna bøker på biblioteket, lesestund med bibliotekansvarleg, lesestund med folkebiblioteket og/eller forfattarbesøk, leseprosjekt med skjønnlitterære bøker og fagbøker haust og vår, lesekonkurransar, lesebingo jul og sommar, lesemeteren, Lesemeister.</p>
<p><b>Kartlegging</b></p>	<p>SOL (spes. pkt.: 5.1, 5.2, 5.3, 5.4, 5.6, 5.7), ordkjedetest, S-40 Setningsleseprøven.</p> <p><b>Registrera i Vokal oktober/april</b> Nasjonale prøvar, digitale ferdigheit: <b>Registrering i Vokal september/oktober</b> Carlsten</p>

## Plan for 5. – 7. trinn LESE FOR Å LÆRA

### Trinn 5

<p><b>Leseutvikling, metode og språklege dugleikar</b></p>	<p><b>Elevane skal utvikla språklege dugleikar:</b> Samtala, diskutera, undra, munnlege framføringar, aktiv lytting, gje kvarandre respons. Dela opplevingar, tankar og meiningar. Utvikla omgrepsforståing og ordforråd i alle fag (sjå vedlegg). Øveord kvar veke, både høgfrequente ord, fagord og andre ukjente ord.</p> <p><b>Avkodingsdugleikar og leseflyt:</b> Omgreps- og leseforståing. Mengdelesing og repetert lesing i faste bolkar haust og vår (t.d. Relemo - sjå vedlegg). Høyra elevane i lesing i alle fag og bruka element frå rettleia lesing kvar veke. Modellesing – lytta til høgtlesing. Arbeida med 500-ordslista. Sjå vedlegg (ikkje berre som øveord, men også som utgangspunkt for forståing av omgrepa). Dei elevane som strevar skal fylgjast opp med kartleggingsresultatet i SOL, som ligg i Conexus (Vokal).</p> <p><b>Skrivestimulering:</b> Tankekart, gode skriveoppgåver i tema og prosjektarbeid, skriverammer, modellering, skriving i alle fag (fagspesifikk skriving).</p>
<p><b>Lesestrategiar og læringsstrategiar (Kva gjer me før, under og etter lesing)</b></p>	<p>Lærer modellerer for elevane ved å tenka høgt korleis ein brukar strategiar.</p> <p><b>Rettleia lesing som strategi:</b> <b>SALTO 4-7</b> (sjå vedlegg) Elevane må høyrast i leseleksa. Det bør vera eit leseoppdrag som høyrer til leseleksa.</p> <p><b>Elevane skal læra å bruka læringsstrategiane, samt velja strategi ut i frå teksttype og vanskegrad (sjå vedlegg):</b> tankekart, to-kollonnenotat, nøkkelord og nøkkeltekst, VØL, ord- og omgrepskart, påstand-bevis, tekstanalyse/ordanalyse og metakognitive samtalar: Kva lærte du? Korleis lærte du? Venndiagram.</p>
<p><b>Leselyst og motivasjon for læring</b></p>	<p><b>Stillelesing/lesekvart:</b> Det skal setjast av tid til at elevane får lesa tekstar dei vel sjølve kvar dag. Stillelesing skal brukast som ekstraarbeid.</p> <p><b>Høgtlesing:</b> Elevane skal ha felles leseopplevingar. Alle lærarane skal lesa høgt for elevane. Me les høgt for/lyttar til lydbok eller held på med anna fagleg innhald medan elevane et.</p> <p><b>Lesegrupper</b> der elevane les og presenterer bøker for kvarandre. Lærarstyrt med modellering. Rett bok til rett elev. Elevane les høgt for kvarandre. Aktiv bruk av skulebiblioteket. Samarbeid med skulebiblioteks-ansvarlege. Lesestund/presentasjon av nye bøker med biblioteks-ansvarlege. Besøk på folkebiblioteket. Forfattarbesøk. Leseprosjekt med skjønnlitterære bøker og fagbøker, haust og vår. Elevane presenterer bøker for kvarandre. Uformell bokprat.</p>
<p><b>Kartlegging</b></p>	<p>Sol (spes. pkt.): 6.1, 6.2, 6.3, 6.4, 6.5, 6.6, 6.7, 6.8, 6.9, 6.11) (8.1 – 8.10), Ordkjedetest, S-40 Setningsleseprøven: <b>Registrering i Vokal oktober/april.</b> Nasjonale prøver: <b>Registrering i Vokal september/oktober.</b> Andre kartleggingar som kan nyttas: Carlsten, AskiRaski, Kartlegging av skrive-dugleikar, Nytt skjema; "Bruker eleven strategier aktivt". Eigenvurdering, vurdering frå lærar, undervegs-vurdering. Til samtalar etc.</p>

## Trinn 6

<p><b>Leseutvikling, metode og språklege dugleikar</b></p>	<p><b>Elevane skal utvikla språklege dugleikar:</b> Samtala, diskutera, undra, munnlege framføringar, aktiv lytting, gje kvarandre respons. Dela opplevingar, tankar og meiningar. Utvikla omgrepsforståing og ordforråd i alle fag (sjå vedlegg). Øveord kvar veke, både høgfrequente ord, fagord og andre ukjente ord.</p> <p><b>Avkodingsdugleikar og leseflyt:</b> Omgreps- og leseforståing. Mengdelesing og repetert lesing i faste bolkar haust og vår (t.d. Relemo - sjå vedlegg). Høyra elevane i lesing i alle fag og bruka element frå rettleia lesing kvar veke. Modellesing – lytta til høgtlesing. Arbeida med 500-ordslista. Sjå vedlegg (ikkje berre som øveord, men også som utgangspunkt for forståing av omgrepa). Dei elevane som strevar skal fylgjast opp med kartleggingsresultatet i SOL, som ligg i Conexus (Vokal)</p> <p><b>Skrivestimulering:</b> Tankekart. Gode skriveoppgåver i tema og prosjektarbeid. Skriversammer. Modellering. Skrivning i alle fag (fagspesifikk skrivning).</p>
<p><b>Lesestrategiar og læringsstrategiar (Kva gjer me før, under og etter lesing)</b></p>	<p>Lærer modellerer for elevane ved å tenka høgt korleis ein brukar strategiar.</p> <p><b>Rettleia lesing som strategi:</b> <b>SALTO 4-7</b> <b>Elevane skal læra å bruka læringsstrategiane, samt velja strategi ut i frå teksttype og vanskegrad (sjå vedlegg):</b> tankekart, to-kollonnenotat, nøkkelord og nøkkeltekst (samandrag), VØL, ord- og omgrepskart, påstand-bevis, tekstanalyse/ordanalyse og metakognitive samtalar: Kva lærte du? Korleis lærte du?, venndiagram, Styrkenotat.</p>
<p><b>Leselyst og motivasjon for læring</b></p>	<p><b>Stillelesing/lesekvart.</b> Det skal settast av tid til at elevane får lesa tekstar dei vel sjølve kvar dag. Stillelesing skal brukast som ekstraarbeid.</p> <p><b>Høgtlesing</b> Elevane skal ha felles leseopplevingar. Alle lærarane skal lesa høgt for elevane. Me les høgt for/lyttar til lydbok eller held på med anna fagleg innhald medan elevane et.</p> <p><b>Lesegrupper</b> der elevane les og presenterer bøker for kvarandre. Lærarstyrt med modellering. Rett bok til rett elev. Elevane les høgt for kvarandre. Aktiv bruk av skulebiblioteket. Samarbeid med skulebiblioteks-ansvarlege. Lesestund/presentasjon av nye bøker med biblioteks-ansvarlege. Besøk på folkebiblioteket. Forfattarbesøk. Leseprosjekt med skjønnlitterære bøker og fagbøker - haust og vår. Elevane presenterer bøker for kvarandre. Uformell bokprat. Fadderlesing</p>
<p><b>Kartlegging</b></p>	<p>SOL (spes. pkt.:6.5, 6.7, 6.10, 6.11) (8.1-8.10), Ordkjedetest, S-40 Setningsleseprøven</p> <p><b>Registrering i Vokal oktober/mai</b> Andre kartleggingar som kan nyttast; Carlsten, nytta skjema; "Bruker eleven strategiar aktivt". Eigenvurdering, vurdering frå lærar, undervegsvurdering. Til samtalar etc.</p>

Trinn 7

<p><b>Leseutvikling, metode og språklege dugleikar</b></p>	<p><b>Elevane skal utvikla språklege dugleikar:</b> Samtala, diskutera, undra, munnlege framføringar, aktiv lytting, gje kvarandre respons. Dela opplevingar, tankar og meiningar. Utvikla omgrepsforståing og ordforråd i alle fag (sjå vedlegg). Øveord kvar veke, både høgfrekvente ord, fagord og andre ukjente ord. <b>Avkodingsdugleikar og leseflyt:</b> Omgreps- og leseforståing. Mengdelesing og repetert lesing i faste bolkar haust og vår (t.d. Relemo - sjå vedlegg). Høyra elevane i lesing i alle fag og bruka element frå rettleia lesing kvar veke. Modellesing – lytta til høgtlesing. Arbeida med 500-ordslista. Sjå vedlegg (ikkje berre som øveord, men også som utgangspunkt for forståing av omgrepa). Dei elevane som strevar skal fylgjast opp med kartleggingsresultatet i SOL, som ligg i Conexus (Vokal). <b>Skrivestimulering:</b> Tankekart. Gode skriveoppgåver i tema og prosjektarbeid. Skrivarammer. Modellering. Skrivning i alle fag (fagspesifikk skrivning)</p>
<p><b>Lesestrategiar og læringsstrategiar (Kva gjer me før, under og etter lesing)</b></p>	<p>Lærer modellerer for elevane ved å tenka høgt korleis ein bruker strategiar. <b>Rettleia lesing som strategi</b> <b>SALTO 4-7</b> <b>Elevane skal læra å bruka læringsstrategiane, samt velja strategi ut i frå teksttype og vanskegrad (sjå vedlegg):</b>tankekart, to-kollonnenotat, nøkkelord og nøkkeltekst, VØL, ord- og omgrepskart, påstand-bevis, tekstanalyse/ordanalyse, tankekart i Creaza og metakognitive samtalar: Kva lærte du? Korleis lærte du?, Styrlenotat</p>
<p><b>Leselyst og motivasjon for læring</b></p>	<p><b>Stillelesing/lesekvart:</b> Det skal settast av tid til at elevane får lesa tekstar dei vel sjølve kvar dag. Obs: Ikkje berre lydbok! Stillelesing skal brukast som ekstraarbeid. <b>Høgtlesing:</b> Elevane skal ha felles leseopplevingar. Alle lærarane skal lesa høgt for elevane. Me les høgt for/lyttar til lydbok eller held på med anna fagleg innhald medan elevane et. <b>Lesegrupper:</b> Elevane les og presenterer bøker for kvarandre. Lærarstyrt med modellering. Rett bok til rett elev. Elevane les høgt for kvarandre. Aktiv bruk av skulebiblioteket. Samarbeid med skulebiblioteks-ansvarlege. Lesestund/presentasjon av nye bøker med biblioteks-ansvarlege. Besøk på folkebiblioteket. Forfattarbesøk. Leseprosjekt med skjønnlitterære bøker og fagbøker - haust og vår. Elevane presenterer bøker for kvarandre. Uformell bokprat.</p>
<p><b>Kartlegging</b></p>	<p>SOL (spes. pkt. 7.1, 7.2, 7.3, 7.4) (8.1-8.10), ordkjedetest, S-40 Setningsleseprøven <b>Registring i Vokal oktober/mai</b> Andre kartleggingar som kan nyttast: Carlsten, Aski Raski, nytta skjema; "Bruker eleven strategiar aktivt". Eigenvurdering, vurdering frå lærar, undervegsvurdering. Til samtalar etc.</p>

## Kjelder

Gjesdal Kommune (2011): *Læringsstrategier En eksempelsamling, Systematisk oppfølging av lesing i fag 3*.opplag

Hoff-Jenssen, R., Bjerke, M.O., Afdal, H.W. (2020): *Begynneropplæring – et kjent, men uklart begrep: En analyse av læreres perspektiv* Nordisk tidsskrift for pedagogikk og kritikk DOI: [10.23865/ntpk.v6.2030](https://doi.org/10.23865/ntpk.v6.2030)

<file:///C:/Users/30700/Downloads/2030-Artikkeltekst-25901-1-10-20201106.pdf> henta 20.10.21

Roe, A. (2008): *Lesedidaktikk – etter den første leseopplæringen* Oslo: Universitetsforlaget,

Sæverud, O., Forseth, B.U., Ottem, E. og Platou, F. (2013): *En veileder om begrepslæring – en strukturert undervisningsmodell for barn og unge med språkvansker*

Ulland, G., Palm, K. og Andreassen, R. (2014): Den andre lese- og skriveopplæringa: lesing I B.K. Jansson & H Traavik (red), *Norsk boka 2. Norsk for grunnskolelærerutdanning 1-7* (s. 113 – 134) Oslo:Universitetsforlaget,

## Lenker

Lydbøker og div. oppgaver for elevane (innlogging med FEIDE)

Skolestudio <https://www.skolestudio.no/aktuelt/om-skolestudio>

Her finn de:

- Skolebibliotek
- Lesemester:
- Salaby: (norsk – bibliotek)
- Salto

AskiRaski-lenke og innlogging med FEIDE: <https://app.askiraski.no/login>

Diverse læringsressursar

Lesesenteret – nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning: <https://www.uis.no/nb/lesesenteret>

Nynorsksenteret: <https://nynorsksenteret.no/>

Skrivesenteret: <https://skrivesenteret.no/>

Språkløyper – et løft for språk, lesing og skriving: <https://sprakloyper.uis.no/>

Språkplan for grunnskulane i Stord: <https://www.stord.kommune.no/trygge-spraakbrukarar.481274.nn.html>

Utdanningsdirektoratet, rammeverk for grunnleggende ferdigheter: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeverk/rammeverk-for-grunnleggende-ferdigheter/>

## Vedlegg

### Vedlegg 1: Lesing i alle fag

Fag	Lesing som grunnleggjande dugleik i faget (direkte frå læreplan i faga)
Norsk	Å kunne lese i norsk innebærer å lese både på papir og digitalt. Det innebærer å kunne lese og reflektere over skjønnlitteratur og sakprosa, å beherske lesestrategier tilpasset formålet med lesingen og å kunne vurdere tekster kritisk. Lesing i norsk innebærer også å lese sammensatte tekster som kan inneholde skrift, bilder, tegninger, tall og andre uttrykksformer. Norsk har et særlig ansvar for opplæringen i å kunne lese. Utviklingen av å kunne lese i norsk går fra den grunnleggende avkodingen til å lese, tolke og reflektere over tekster i ulike sjangre, for ulike formål og av ulik lengde og kompleksitet. Den første leseopplæringen skal foregå på elevens hovedmål.
Matematikk	Å kunne lese i matematikk inneber å skape mening både i tekstar frå dagleg- og samfunnslivet og i matematikkfaglege tekstar. Å kunne lese i matematikk vil seie å sortere informasjon, analysere og vurdere form og innhald og samanfatte informasjon i samansette tekstar. Utviklinga av leseferdigheiter i matematikk handlar om å finne og bruke informasjon i stadig meir komplekse tekstar med avansert symbolspråk og omgrepbruk.
Kroppsøving	Å kunne lese i kroppsøving er å finne, tolke og kritisk vurdere ulike former for tekstar og informasjon og å søkje kunnskap som er nødvendig for å utvikle kompetanse i faget. Utviklinga av leseferdigheiter i kroppsøving går frå å hente inn og reflektere over informasjon frå enkle instruksjonar, kart og tekstar til å kunne lese meir samansette og fagspesifikke tekstar, kart og bilete.
Samfunnsfag	Å kunne lese i samfunnsfag inneber å utforske, tolke og reflektere kritisk over ulike historiske, geografiske og samfunnskunnskaplege kjelder. Vidare inneber det å finne informasjon og bevisst velje og velje bort ulike kjelder. Å lese inneberer å reflektere over korleis ståstad og perspektiv påverkar ulike kjelder, kjenne att argumentasjon og å skilje mellom meiningar, fakta og påstandar. Utviklinga av leseferdigheiter i faget går frå å bruke få og tilrettelagde kjelder til sjølv å finne og samanlikne informasjon i eit større mangfald av kjelder med større kompleksitet.

Kunst og Handverk	Å kunne lese i kunst og håndverk er å tolke, forstå og vurdere visuelle og materielle omgivelser. Å kunne lese tekniske tegninger og anvisninger er sentralt i praktisk problemløsning og for å kunne vurdere form, funksjonalitet og holdbarhet. Utviklingen av å kunne lese i kunst og håndverk går fra å gjenkjenne og avkode til å reflektere kritisk over visuelle virkemidler og kulturelle referanser.
----------------------	---

Naturfag	Å kunne lese i naturfag er å kunne forstå naturfaglige begreper, symboler, figurer og argumenter gjennom arbeid med naturfaglige tekster. Lesing i naturfag innebærer også å utforske, identifisere, tolke og bruke informasjon fra ulike teksttyper og vurdere kritisk hvordan naturvitenskapelig informasjon framstilles og brukes i argumenter. Utviklingen av å lese i naturfag går fra å finne og bruke informasjon i tekster til å forstå tekster med stadig flere fagbegreper, symboler, figurer, tabeller og implisitt informasjon.
Engelsk	Å kunne lese i engelsk er å forstå og reflektere over innhold i ulike typer tekster på papir og digitalt og skal bidra til leseglede og tilegnelse av språk. Det innebærer å lese og finne informasjon i sammensatte tekster med konkurrerende budskap og å bruke lesestrategier til å forstå eksplisitt og implisitt informasjon. Utviklingen av leseferdigheter i engelsk går fra å eksperimentere med språklyder, stavemønstre og stavelser til å lese varierte og komplekse tekster med flyt og forståelse og i stadig større grad kunne reflektere over og vurdere ulike typer tekster kritisk.
KRLE	Å kunne lese i KRLE innebærer å oppleve og forstå ulike religiøse og filosofiske tekster. Det omfatter også å reflektere over og tolke tekster, illustrasjoner, symboler og andre uttrykk. Videre innebærer det å sammenligne og systematisere informasjon og vurdere kilder kritisk. Utviklingen av det å kunne lese i KRLE går fra å kunne forstå innholdet i enkle tekster til å kunne analysere og vurdere form og innhold i komplekse tekster. Dette innebærer i økende grad å forstå fagbegreper og å kunne finne, bruke og vurdere ulike kilder til informasjon.
Musikk	Å kunne lese i musikk er å tolke og forstå ulike musikalske tekster, både nedskrevne musikalske tegn og symboler og tekster sammensatt av flere modaliteter, digitalt og i sceniske fremføringer. Utviklingen i å kunne lese i musikk går fra å kunne gjenkjenne, samtale om og bruke enkle tegn og symboler til å kunne nyttiggjøre seg ulike notasjonsformer i musikalsk samhandling og å kunne forstå og reflektere over bruk av musikk, dans og tilhørende virkemidler i stadig mer komplekse uttrykk.
Mat og helse	Å kunne lese i mat og helse er å forstå, tolke og vurdere oppskrifter, tabellar og illustrasjonar i samband med matlaging. Det er òg å forstå og vurdere relevante fagtekstar. Utviklinga av leseferdigheiter i faget går frå å forstå enkle illustrasjonar og samansette tekstar på papir og skjerm til å tolke og kritisk vurdere meir komplekse fagtekstar, figurar og tabellar i ulike medium.

# SALTO

**SALTO LURE LESEKNEP**

**Superblikk**  
Sjå på overskrift, bilde og bildetekst:  
• Kva trur du teksten kjem til å handle om?

**Alt eg veit**  
Spør deg sjølv:  
• Kva veit eg om dette frå før?

**Lesemåte**  
Bruk ulike lesemåtar på vanskelege ord:  
• Les bokstav for bokstav.  
• Les stavingar.  
• Finn delar av ord.  
• Les heilord.

**Tenkestopp**  
Stopp og tenk:  
• Kva forstår eg?  
• Kva er vanskeleg?  
• Er det nokre ord eg ikkje forstår?

**Oppsummering**  
Spør deg sjølv:  
• Kva har eg lest om?  
• Kva har eg lært?  
• Kva lurar eg på?

1.-3. steg

GYLDENDAL



# FØR, UNDER OG ETTER LESING



## Superblikk

Sjå på overskrifter, bilde og bildetekst, faktaboksar, ordforklaringar, osv.:

- Kva slags tekst er det?
- Kva for informasjon får eg av å lese dei ulike delane?
- Kva trur eg teksten handlar om?



## Alt eg veit

- Kva veit eg om dette frå før?
- Kva lurar eg på? Still minst eitt spørsmål.



## Lesemåte

Les eg denne teksten for ...

- å lære noko nytt?
- å søke etter bestemte opplysningar?
- å skaffe meg oversikt?

Vel passende lesemåte: leitelese, oversiktlese eller djupnelese.



## Tenkestopp

- Kva kan eg frå før, og kva er nytt?
- Kva for ord må eg finne ut av kva betyr?
- Er det noko anna eg lurar på?
- Kva trur eg teksten handlar om vidare?



## Oppsummering

- Attfortel det viktigaste.
- Lag finne- og tenkespørsmål.
- Lag forklaringar til nye ord.
- Lag eit tankekart eller ein teikneserie.
- Skriv eit samandrag.

# S A L T O


4-7. steg



**GYLDENDAL**

Langeland skule, revidert 01.09.21


# RUTINEPLAKATEN



## Vedlegg 5: SOL- kartleggingspunkt

Henta frå Elev-skjema, <https://www.sol-lesing.no/>

<p><b>1. FØR-ALFABETISK LESING</b></p> <p>1.1 Kjenner igjen navnet sitt            1.2 «Lesing bygger på visuelle særtrekk ved ordet + gjetting            1.3 Viser interesse for teksters innhold og betydning av ord.            1.4 Kan leke og eksperimentere med språket, rim, regler og sanger</p>	<p><b>2. BEGYNNENDE ALFABETISK LESING</b></p> <p>2.1 Har kunnskap om noen bokstaver            2.2 «Leser» ord ved å bruke de bokstavene de kan, kombinert med visuelle særtrekk ved ordet og kontekstuelle holdepunkter.            2.3 Kjenner igjen lange ord med mange kjennetegn (Tyrannosaurus Rex) bedre enn korte visulet like ord (har – han – hun).</p>
<p><b>3. TIDLIG FONOLOGISK LESING</b></p> <p>3.1 Har tilegnet seg det alfabetiske prinsipp, viser forståelse for sammenheng mellom språklyd og bokstav            3.2 Kan lytte ut lyder i enkle, lydrette ord (sol -&gt; s-o-l).            3.3. Kan binde sammen oppleste lyder i korte, lydrette ord til ord (s-o-l -&gt; sol)            3.4 Kan avkode korte lydrette ord ved hjelp av lydbinding/sammensynging            3.5 Kan peke ut enkeltord i setninger (Har begrep om ord/setning)</p>	<p><b>4. AUTOMATISERT FONOLOGISK LESING</b></p> <p>4.1 Har automatisert de enkle bokstav/lyd-assosiasjonene + diftongene (gjenkjenne)            4.2. Kan skrive/gjenkalle alle bokstavene            4.3 Kan avkode nonord ved hjelp av lydbindingsstrategien (fonologisk lesing)            4.4 Kan avkode komplekse ord ved hjelp av lydbindingsstrategien (fonologisk lesing)            4.5 Kan gjenkjenne de vanligste småordene (100 ords-liste/AskiRaski) (Hovedstrategi fortsatt fonologisk)            4.6 Kan lese to- og trestavelserord som stavelser            4.7 Kan lese enkle tekster og svare på «akkurat-der» spørsmål (FoSS), engasjerer seg i teksten mens de leser            4.8 Kan gjøre en av setningene i teksten om til et spørsmål</p>



<b>5. TIDLIG ORTOGRAFISK LESING</b>	<b>6. AUTOMATISERT ORDGJENKJENNING</b>
<p>5.1 Antall parate ordbilder øker. Flere ord gjenkjennes umiddelbart, også uregelrette ord (220-ordsliste).</p> <p>5.2 Tilegner seg kunnskap om lesing av ord med enkel og dobbel konsonant</p> <p>5.3 Bruker fonologisk strategi som «back-up» ved vanskelige og ukjente ord med vanskelige ortografiske mønstre (Eks. «beherskelse»)</p> <p>5.4 Overvåker egen lesing, stopper opp og studerer nye og ukjente ord, leser om igjen og korrigerer seg selv</p> <p>5.5 Leser ord-for-ord med god kontroll</p> <p>5.6 Kan lese enkle tekster og svar på «akkurat-der» spørsmål, og «tenk-og let» spørsmål (FoSS)</p> <p>5.7 Kan lage spørsmål til teksten de har lest (FoSS)</p>	<p>6.1 Kan avkode komplekse ord ved hjelp av ortografisk strategi</p> <p>6.2 Ordavkodingen er automatisert og krever lite kognitive ressurser.</p> <p>6.3 Leser de fleste vanlige ord rett (500 ords-liste)</p> <p>6.4 Leser enkel/dobbel konsonant rett (par-ordsliste/AskiRaski)</p> <p>6.5 Mestrer lesing av ukjente, lange eller sammensatte ord</p> <p>6.6 Leser ikke lenger ord-for ord, men binder ordene sammen til meningsbærende enheter, setning-for- setning</p> <p>6.7 Har naturlig pause ved tegnsetning (komma, punktum)</p> <p>6.8 Overvåker egen leseforståelse, orienterer seg i teksten, er aktive før-under og etter lesing</p> <p>6.9 Oppfatter den røde tråden i et enkelt hendelseforløp og leser med forståelse. Kan svar på «i-hodet-spørsmål» (FoSS)</p> <p>6.10 Kan gjenfortelle fra en selvlest tekst (kan evt være stillelesing)</p> <p>6.11 Kan forstå og følge skriftlige oppgaver og instruksjoner</p> <p>6.12 Mesterer aldersadekvat rettskriving og de vanligste former for tegnsetting</p>

<p><b>7. ØKT AUTOMATISERING OG LESEFLYT</b></p> <p>- dette er et prosesstrinn som må sjekkes/soles flere ganger i løpet av mellom-/ungdomstrinnet</p> <p>7.1 Setningslesingen er automatisert</p> <p>7.2 Øker lesehastigheten og leser hele avsnittet flytende med god intonasjon og forståelse (på aldersadekvate tekster)</p> <p>7.3 Viser begynnende metakognitive ferdigheter, elevene vet når de forstår og kva de kan gjøre når de ikke forstår</p>	<p><b>8. STRATEGISK LESING</b></p> <p>8.1 Kan bruke ulike begrep til å samtale om hvilken type tekst han har med å gjøre, - fagtekst eller skjønnlitteratur. Kan også bruke begreper som beskriver kjennetegn ved ulike sjangerer innenfor hver hovedgruppe</p> <p>8.2 Kan aktivere og bruke bakgrunnskunnskap i møte med tekst</p> <p>8.3 Kan bearbeide tekster gjennom ulike typer spørsmål og svar (FoSS)</p> <p>8.4 Kan oppsummere innholdet i fagtekster på ulike måter, fra detlajert resymé til ensetnings-sammendrag og egenforduserte overskrifter</p> <p>8.5 Kan referere og oppsummere hovedmomenter i en fagtekst og benytte ulike notatteknikker (f.eks. nøkkelord, rammenotat, styrkenotat og tokolonnotat)</p> <p>8.6 Kan benytte ulike notatteknikker i teksten (f.eks. post-it-lapper, understreking og «utguling»)</p> <p>8.7 Kan bruke tankekart, både som en måte å strukturere bakgrunnskunnskap og som en måte å strukturere fagstoffet innenfor et tema</p> <p>8.8 Kan finne fram i ordbøker og oppslagsverk</p> <p>8.9 Kan forstå og tolke opplysninger fra ulike tabeller, diagrammer, grafer og kart</p> <p>8.10 Kan søke etter, velge ut og vurdere informasjon på internett</p>
<p><b>9 BEVISST STRATEGISK LESING</b></p> <p>9.1 Bruker og velger rett lesestrategi etter formålet med lesingen</p> <p>9.2 Anvender metakognitive ferdigheter og bruker læringsstrategier bevisst</p> <p>9.3 Kan vurdere og reflektere kritisk rundt tekster, internett og massemedia</p> <p>9.4 Er bevisst på at bak en tekst står det en forfatter so mpreger teksten gjennom sine meinger og valg</p> <p>9.5 Kjenner igjen språklige virkemidler som humor, ironi, gjentakning og kontraster</p>	<p><b>10 VOKSEN LITTERÆR LESING</b></p> <p>10.1 Leser med innsikt, trekker slutninger, analyserer og reflekterer på høyt nivå</p> <p>10.2 Trekker forbindelser på et høyt nivå både i en tekst og mellom tekster.</p> <p>10.3 Integrerer kunnskap fra mange kilder og kan gi en fortolkning av innholdet</p> <p>10.4 Fordyper seg i et bredt utvalg skjønnlitteratur og sakprosa</p>

## Vedlegg 6: Ti gode leseråd til foreldre

### 1. Øv på bokstav-lyd-forbindelsen

For å læra å lesa må barnet vera sikker på koplinga mellom bokstav og lyd. Det kan vera lurt å leggja inn små bokstav/lyd øvingar i kvardagen. Ein måte å gjera dette på er at du skriv ned ein bokstav på ryggen til barnet, og barnet skal framkalla lyden. Eller barnet kan skriva på din rygg og du skal framkalla lyden. Det er dessutan utvikla egne appar som «LES» og «Ordlek». Her er det fleire små øvingar kor barnet nettopp får trena koplinga mellom lyd og bokstav.

### 2. Snakk om innhaldet i teksten

Å lesa er meir enn å berre avkoda, også for små lesarar. Difor er det viktig å venda barnet til å reflektera og tenkja over det ein les. Det gjeld både når barnet les sjølv og når ein vaksen les høgt for barnet.

### 3. Snakk om verda

Mange av dei små som strevar med lesing gjer det fordi ord ikkje gir meining for dei. Det er for mange ord dei ikkje forstår. Barn får tilgang til ord gjennom språket og veit at dei brukar språket til å setja ord på opplevingar, hendingar og liknande. Det er dirfor viktig å snakka om livet og verda; for eksempel om jobben sin, fritidsaktivitetar, nyhende, bøker. Slik får barnet utvida sine kunnskapar, og gjennom det også tilgang til nye ord og omgrep. Bruk kunnskapen din, enten du har kunnskap om bilar, politikk, eller fiskestenger, ikkje tenk at det blir for vanskeleg.

### 4. Still spørsmål som inviterer til språkbruk

I ein travel kvardag er det lett å stilla kontrollspørsmål som, har du hatt det fint, har du rydda rommet, pussa tennene osv. Slike spørsmål gir lite språk, fordi dei ofte kan svarast på med eit enkelt "ja" eller "nei". Still heller spørsmål der barnet må fortelja, som: Kva gjorde de på fotballtreninga i dag? Fortel meg om bursdagsselskapet.

### 5. Les heile ord

Nokre gonger kan det vera lurt å få barnet til å lesa heile ord. Ein begynnarlesar vil stava seg gjennom ord ved å sei lyd for lyd, for eksempel s-o-l. Det kan vera strevsamt å lesa på denne måten, og me som kan lesa les heller ikkje slik. Ein måte å få barnet til å lesa heile ord på, er å be dei om å sjå på ordet, lesa det inni seg og så sei det høgt. Slike øvingar er særleg godt eigna til ord som enten går igjen mange gonger i teksten, eller på ord som me uttalar annleis, eksempelvis "hjul" og "det".

### 6. Les høgt saman med barnet

Nokre gonger kan det vera lurt å lesa leseleksa høgt saman med barnet. Slik får barnet ein kjensle av at det kan lesa, og du som vaksen får vist korleis lesinga skal høyrast ut. Det er viktig å tilpassa stemma di slik at du les svakare når du høyrer barnet greier seg meir og meir aleine.

### **7. La barnet ditt skriva**

Mange barn oppdagar koplinga mellom lyd og bokstav når dei skriv. Ha difor skrivesaker lett tilgjengeleg, blyantar og pennar av ulike slag og ulike typar ark. Det er fint å gjera skrivinga meningsfull for barnet: La det for eksempel skriva "snop" på handlelista for helga. Ellers gir skriving på datamaskin eller nettbrett også viktig skrivetrening.

### **8. Les bøker for barna**

Høgtlesing gir mange fordelar: Det er sosialt samlande for både vaksne og barn, det gir gode modellar for skriving, og barn får tilgang til opplevingar som ikkje er tilgjengelege utan bøker.

### **9. Snakk saman om lesinga**

Det kan vera nytt for mange barn å setja ord på korleis dei opplevde si eiga lesing. Still spørsmål som: Korleis var det å lesa denne teksten? Var nokon ord vanskelege/lette å lesa? Det er også mogleg å plukka ut vanskelege ord i teksten og å trenar på å gjenkjenna desse orda.

### **10. Les sjølv**

Når du som vaksen les sjølv, er du ein leseande modell for ditt barn. Det treng ikkje å vera bøker. Nettaviser og brosjyrar er også lesing.

*Råda blei først publiserte i Stavanger Aftenblad 22.08.13.*

*Omsett til nynorsk av Langeland skule*

<https://www.uis.no/nb/lesesenteret/ti-leserad-til-foreldre>

### Vedlegg 7: Gode lesarar har gode lesestrategiar

- Gode lesarar er aktive lesarar.
- Dei har klare mål, og dei vurderer stadig om det dei får ut av teksten er i samsvar med målet for lesinga.
- Gode lesarar ser som regel over teksten før dei begynner å lesa, dei legg merke til korleis han er strukturert, og dei ser spesielt på dei avsnitta som dei tur vil vera mest relevante for målet med lesinga.
- Etter kvart som dei les, prøver gode lesarar stadig å føregripa det som kjem.
- Dei les selektivt, og dei tar stadig avgjerder om kva dei må lesa nøyaktig, kva dei kan lesa raskt, kva dei kan hoppa over, og kva som må lesast om igjen, osv.
- Gode lesarar konstruerer mening, reviderer misoppfatningar og stiller spørsmål til innhaldet medan dei les.
- Gode lesarar prøver å finna forklaring på ukjente ord og uttrykk i teksten, og dersom teksten er inkonsistent eller mangelfull, prøver dei å løysa problemet.
- Dei brukar forkunnskapane sine aktivt og samanliknar innhaldet i teksten med kunnskapar dei har frå før.
- Dei har eit bevisst forhold til forfattaren sin skrivemåte, stil, haldningar, synsvinkel, hensikt, bakgrunn osv.
- Dei overvakar forståinga si og justerer eventuelle misoppfatningar etter kvart som dei les.
- Dei vurderer teksten sin kvalitet og verdi, og dei held seg til han både intellektuelt og følelsmessig.
- Gode lesarar les forskjellige tekstar på forskjellige måtar.
- Når dei les fagtekstar, oppsummerer og reviderer gode lesarar stadig det dei har lese.
- For gode lesarar går tekstforståinga ikkje berre føre seg medan dei faktisk les, men også når dei tar korte pausar, eller etter at dei er ferdige med å lesa.
- Lesing er ein krevjande, kontinuerleg og kompleks aktivitet, men for gode lesarar er det i tillegg både tilfredsstillande og produktivt.

Roe, A. (2008, s. 85-86)

Omsett til nynorsk av Langeland skule

Vedlegg 8: Gode og sjølvstendige lesarar vs svake og usjølvstendige lesarar

	Gode og sjølvstendige lesarar	Svake og usjølvstendige lesarar
Før-lesinga	Aktiverer tidlegare kunnskap Forstår kva målet og hensikta med lesinga er Vel passande strategiar	Begynner å lesa utan å førebu seg Les utan å vita kvifor Les utan å vurdera korleis teksten skal gripast an
Under lesingen	Er fokuserte og oppmerksame Kjem med meiningar og forslag Brukar oppklarande strategiar når dei ikkje forstår Brukar samanhengen i teksten for å forstå nye ord og uttrykk Brukar teksten sin struktur for å forstå betre Organiserer og set ny informasjon saman med tidlegare informasjon Overvakar egen forståing Er bevisste på når dei forstår Er bevisste på kva dei har forstått	Blir lett distraherete Les for å bli ferdige med det Registrerer ikkje kva tid dei eventuelt ikke har forstått Registrerer ikkje kva for ord og omgrep som er viktige Forstår ikkje korleis teksten er strukturert Legg til ny informasjon i staden for å kopla han til tidlegare informasjon Er ikke klar over at dei ikkje forstår
Etter lesingen	Reflekterer over det dei har lese Oppfatter suksess som eit resultat av innsats Oppsummerer det viktigaste Leitar fram tilleggsinformasjon fra andre kjelder	Sluttar å tenkja over innhaldet i teksten når dei har lese ferdig Oppfattar suksess som et resultat av flaks

Roe, A. (2008 s. 86), etter Muskinum Colleges oversikt

Omsett til nynorsk av Langeland skule

## Vedlegg 9: Lese- og læringsstrategiar

### FoSS

– forholdet mellom spørsmål og svar.


Type 1: **Akkurat der:** Svaret står **ein** stad i teksten

Type 2: **Tenk og leit:** Svaret bygger på fleire opplysningar i teksten

Type 3: **Forfattaren og eg:** Lesaren må bruka teksten + noko ho/han veit frå før

Type 4: **På eigenhand:** Svaret står ikkje i teksten, lesaren må berre tenkja sjølv

### Metakognisjon




## Omgrepskart

Kan hjelpe elevane å forstå og utvida tydinga av eit omgrep

Kan gjerne følgjast av at dei skriv ein kort tekst der elevane startar skrivinga frå toppen og ned (jfr. figuren under)

**Kva er det?**



**Skildring**

**Døme**

## Tokolonne/prosessnotat

Namn / dato	
Tittel på forsøket:	
Utstyr me brukte	
Forklaring av kva vi gjorde:	
Teikning av forsøket/utstyret:	
Dette lærte eg:	

## VØL – skjema

- Strukturerer bakgrunnskunnskap og set egne mål for arbeidet, samt refleksjon over kva for ny kunnskap ein tileignar seg
- For nokon vil det ikkje vera så store ønskje om å læra meir. Vri då spørsmålet over til «kva trur du at me skal læra om dette emnet?»
- Kan nyttast individuelt, i gruppe eller i heil klasse

<b>V</b> eit om dette	<b>Ø</b> nskjer å læra	<b>L</b> ært

Døme henta frå: «Læringsstrategier En eksempelsamling» Gjesdal kommune, 2011, 3. opplag, SOL

Andre døme: <https://xn--lringsstrategier-uob.no/>

Vedlegg 10: Langeland skule, ein dysleksivenleg skule



Godkjent av Landsstyret i Dysleksi Norge, brev datert 26.11.2019